

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Ting til vern mot sjukdom

Bygdelag: Nedre bygda.

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikerså

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):


Anna Skjæveland, Heltland, Bjerkreim f. 1871.

## SVAR

Ting til vern og legedom mot sjukdom.

1. Me kjenner til at folk gjekk med ring for dei ikkje skulle verta sjuke, men det er så lenge sidan at ingen no kan minnst det.
2. I kring 1890 års kunne ein få kjøpa ein stålross som det var magnet i. Denne hengde dei ~~na~~ halsen i eit band kring halsen når dei var sjuke. Men det var lite han vart bruka. Denne krossen kalla dei "voltakors."
11. Elektriske belte er kjende ved reklame, men er lite vorte bruka.
14. For 50-60 år sidan var det menn som brukt øyreringar, serlag fiskarane i Eikersund og Oyna herad. Øyreringane var ovale, smalar i den eine enden, med eit overband. Kvinn-øyreringane hadde gull former, t.d. ei oval skiva med ein liten double i. Stjeme var av gull eller blikk med gullbeslag utanpå, dei dyreste var vel av gull. Dei vart festa til øyra med ein tynn metal-tråd som vart stukke gjennom

eit hol i øyredobben.  
 Når dei stakk hol i øyre-  
 dobben, heldt dei eit  
 jordeple bakom øyre-  
 dobben og stakk ei stor  
 mål tvers gjennom inn  
 i eplet. Etter på sette dei  
 ein blyring inn i øyra  
 til saret var attgrodd.



Kvinne-øyering  
 fra Bjerkreim.

Så hengde dei øyreklangen i og læste han  
 att. Kvinnene skulle gå med "øyredobbene"  
 (øyeringane) fyrste gongen til konfirmasjon.

16. Dei hadde øyeringar i bae øyro.

17-19. Det var mote på gå med øyeringar, men  
 dei sa det hjelpke for augo, og det var  
 mange - serleg mennene - som gjekk med øyre-  
 ringar for å skjerpa på synet.

21. Mange gjekk med katteskinns kring  
 lår eller på ryggen, det hjelpke for gikt.

Og det er heilt visst at for 80 år sidan var  
 det dei som gjekk med ælskinn (skinn av æl)  
 bunde kring føtene nedanfor knea. Det  
 hindra så dei ikkje fekk senatekk,  
 (krampe i føtene).